



Møteprotokoll

Utval:	Kontrollutvalet
Møtestad:	Sentralbygget, Kantina
Dato:	03.03.2022
Tid:	09:00 - 11:30

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Solveig Hellesnes Uppheim	Leder	V
Alf Gunnar Sortland	Nestleder	AP
Gunnbjørg Øyre	Medlem	SV
Terje Strømmen	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Gjerde	MEDL	V

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
------	-----------	---------------

Merknader

Håkon Gjerde meldte forfall kort tid før møtet. Sekretariatet hadde ikkje tid til å kalle inn vara.

Andre som møte:

Elin Bye	Oppdragsansvarleg revisor, Vestlandsrevisjon IKS
Arne Gilbakken	Forvaltningsrevisor, Vestlandsrevisjon IKS
Kjartan Haugsnes	Seniorrådgjevar, Vestland fylkeskommune
Helge Inge Johansen	Spesialrådgjevar, Vestland fylkeskommune

Solveig Hellesnes Uppheim
utvalsleiar

Helge Inge Johansen
utvalssekretær

Sakliste

Utvals- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 1/22	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 2/22	Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.12.2021	033	
	Politiske saker		
PS 1/22	Orientering frå rådmann - nytt frå heradet	000	
PS 2/22	Løypemelding forvaltningsrevisjon arkivrutinar og regelverk	217	
PS 3/22	Interimsrevisjon 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS	216	
PS 4/22	Årsmelding 2021 for kontrollutvalet	146	
PS 5/22	Møteplan 2022 for kontrollutvalet	033	
PS 6/22	Eventuelt	033	
	Referat saker		
RS 1/22	Vestlandsrevisjon IKS - rutineendring uvhengigheitserklæringa	601	
RS 2/22	FKT - Fagkonferansen 2022	073	
RS 3/22	FKT - Medlemsinfo desember 2021	073	

Godkjenningssaker

GK 1/22 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til innkalling og sakliste

Vedtak

Innkalling og sakliste vart godkjent

GK 2/22 Godkjenning av møteprotokoll frå møte 09.12.2021

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det framkom ikkje merknader til møteprotokoll frå møte 09.12.2021.

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 09.12.2021 vart godkjent.

Politiske saker

PS 1/22 Orientering frå rådmann - nytt frå heradet

Forslag til vedtak

Informasjonen vart teken til orientering.

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Saka vart utsett til neste møte.

Vedtak

Det vart ikke gjort vedtak i saka.

PS 2/22 Løypemelding forvaltningsrevisjon arkivrutinar og regelverk

Forslag til vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at forvaltningsrevisjonen er blitt forseinka.
2. Ferdig rapport er forventa å koma opp i kontrollutvalet sitt møte
3. Rapport vert sendt sekretariatet innan

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Forvaltningsrevisor orienterte om status i arbeid med forvaltningsrevisjonen. Det vart mellom anna orientert om dette

Årsak til forseinkinga:

- Rådmannen ba om utsetting grunna nytt arkivsystem.
- Administrasjonen i Ulvik herad hadde det og så travelt at det var vanskeleg å få oppstartsmøte i 2021.
- Oppstartsmøte med rådmann og arkivleiar 05.01.22.

Framdrift:

Det vert ekstramøte (Teamsmøte) 02.06.22 om rapporten vert klar. Rapporten vert sendt til sekretariatet innan 06.05.22.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Kontrollutvalet konstaterer at forvaltningsrevisjonen er blitt forseinka. Vestlandsrevisjon har orientert utvalet om årsaka til forseinkinga. Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.
2. Ferdig rapport er forventa å koma opp i kontrollutvalet sitt møte 02.06.2022. Møtet vert på Teams.
3. Rapport vert sendt sekretariatet innan 06.05.2022

PS 3/22 Interimsrevisjon 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimsrevisjon 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Rekneskapsrevisor orienterte om interimsrevisjonen 2021 og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tek oppsummering etter interimrevisjon 2021 frå Vestlandsrevisjon IKS til orientering.

PS 4/22 Årsmelding 2021 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2021.

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær Kjartan Haugsnes orienterte kort om årsmelding 2021 for kontrollutvalet.

Forslag til innstilling vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Heradsstyret godkjenner årsmelding frå kontrollutvalet for 2021.

PS 5/22 Møteplan 2022 for kontrollutvalet

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022:

Dato:
03.03.2022
27.04.2022
06.10.2022
08.12.2022

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Sekretær orienterte om forslag til møteplan 2022 for kontrollutvalet.

Det vert eit ekstramøte (på Teams) i kontrollutvalet 02.06.2022 om revisjonsrapport av arkivrutinar og regelverk vert ferdig.

Møtetidspunkt for kontrollutvalet vert endra frå kl. 0900 til kl. 1000.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet vedtek slik møteplan for 2022, med møtestart kl. 1000:

Dato:
03.03.2022
26.04.2022
02.06.2022
06.10.2022
08.12.2022

PS 6/22 Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Prosjektrekneskap 4367 Sjukeheim/omsorgsbustader - revisjonsuttale

Prosjektrekneskapan vart sendt til utvalsleiar og sekretariatet 01.03.2022. Sekretariatet har ikkje fått sakshandsama denne, grunna levering tett opp til møtet, og det er såleis ikkje laga saksframlegg til denne saka til dette møtet.

Til møtet vart det lagt fram revisjonsuttale.

Kontrollutvalet vart einig om å handsama saka i dette møte. Rekneskapsrevisor orienterte om revisjonsuttale og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Kontrollutvalet tilrår at heradstyret godkjenner prosjektrekneskapan.

Innstiling vart samrøystes vedteke

Innstilling

1. Kontrollutvalet tilrår at heradsstyret godkjenner prosjektrekneskap for prosjekt 4367 Sjukeheim/omsorgsbustader som vart avslutta 31.12.2021
2. Kontrollutvalet viser til HST-sak 10/06 om reglement for byggje- og prosjektrekneskap, står det bl.a.: "Sluttrekneskapen skal vera attestert av revisor og ha med uttale frå kontrollutvalet før det vert lagt fram for heradsstyret". Det er vidare uttrykt som hovudregel at dette gjeld byggje- og prosjektrekneskap, med ei kostnadsramme på over kr. 500.000,-, som heradet har oversendt for revidering etter 25/4-06 og at handsaming av prosjektrekneskap tek omsyn til at slike saker normalt skal ha ei forsvarleg handsaming i kontrollutvalet.
3. Kontrollutvalet ber heradsstyret vurdere å ta intensjonen i vedtak HST 10/06 inn i heradet sitt økonomireglement.

Referat saker

RS 1/22 Vestlandsrevisjon IKS - rutineendring uvhengigheitserklæringa

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

RS 2/22 FKT - Fagkonferansen 2022

Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaming av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering

RS 3/22 FKT - Medlemsinfo desember 2021
Saksprotokoll 03.03.2022 - Ulvik herad, Kontrollutvalet

Behandling i møte

Det kom ikkje fram noko spesielt ved handsaminga av referatsaka.

Vedtaket vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Kontrollutvalet tar referatsaka til orientering.